



7. Britt Dagny Nikolaisen

Britt Dagny er 36år, frå Valderøya. Ho er for tida student. - Det skal løne seg å tenke miljø, og vi må prioritere ordningar som sparer miljøet. Eg vil arbeide for eit styrka barnevern med fokus på førebygging og oppsøkjande arbeid.



8. Jan Ove Skodje

Jan Ove er 50år, frå Godøya. Han arbeider på Vigra flyplass. Opptatt av ungdom og idrettsarbeid. Gode rammer for kultur og idrett er nøkkelen til levande nærmiljø. - Vi skal vere ei kommune, og byggedyret må vi jakte på heile året.



9. Fredrik Giske (UV)

Fredrik er 19år, frå Giske. Han er fylkesleiar for Møre og Romsdal Unge Venstre og har ungdom sine levkår som fanesak. - Eg vil ha eit betre kollektivtilbod, og gode felles møteplassar. Sterkare satsing på ungdomspsykiatrien og helsestasjon for ungdom.



10. Geir Anders Kirkholm

Geir Anders er 31år, frå Valderøya. Han jobbar for Securitas på Vigra flyplass. - Eit breiare tilbod til ungdom under 18år, næring og miljø, samt fokus på Giske som ein kulturkommune. Friheit til å leve det gode liv med ansvar for kvarandre.

- 11. Sissel Basso (40), Giske
- 12. Reidar Roald (52), Vigra
- 13. Geirmund Oltedal (56), Vigra
- 14. Martine Farstad (UV) (19), Valderøya
- 15. Tove Lyngstad (65), Godøya
- 16. Britt Elin Roald Farstad (30), Godøya

- 17. Torunn Lied Giske (39), Giske
- 18. Ingvild Stokke (33), Godøya.
- 19. Arild Roald. (61), Vigra.
- 20. Idar Valkvæ (55), Godøya.
- 21. Jan Einar Straumsnes (40), Vigra

Skule

- Venstre ønskjer ein skule for kunnskap og like muligheiter. Alle elevar skal kunne utnytte si skaparkraft.
- Læraren må ha muligheiter til å kunne sjå den einskilde elev sine behov og ressursar til å møte dei.
- Å satse på læraren - er å satse på eleven.
- Styrke PPT, Miljøterapeut og Helsestasjon.
- Ha to ungdomsskular i kommunen, og barneskule på kvar øy.

Miljø og Kultur

- Det skal løne seg å reise kollektivt både økonomisk og tidsmessig. Betre kollektivtilbod gjer det enklare å reise, og difor ønsker vi ein lokal Timeekspres i kommuna.
- Vi vil støtte opp om det frivillege arbeidet, som bidreg sterkt til eit aktivt og engasjert nærmiljø.
- Gode rammer for idrett og kulturliv.
- Opparbeide og halde vedlike turstiar og verne om allemannsretten til å ferdast fritt i fjell og fjøre.

Næring

- Vi er opptatt av gode vilkår for nyskapande næringsliv, og kommunen må vere ein aktiv medspelar for alle som vil skape sin eigen arbeidsplass.
- Vi må ta godt vare på eksisterande næringar i kommuna og legge til rette for at dei skal kunne utvikle seg vidare.
- Vi ønskjer at det skal vere ein god kontakt mellom kommuna og næringsorganisasjonane, samt støtte opp om dei naturgitte fortrinn Giske har som fiskeri- og landbrukskommune.

Sosialt ansvar

- Meir til dei som treng det mest. Eit samfunn vert målt etter korleis vi tek vare på dei svakaste.
- Kommunen har store utfordringar innan rus, psykiatri og eldreomsorg. I skjæringspunktet mellom kommune, privat initiativ og frivillig sektor, kan vi finne dei gode løysningane.
- Gode lavterskeltilbod og auka trygghet i eldreomsorga.

www.venstre.no/moregromsdal/giske



Giske Venstre

Kommunevalet 2011



Vi set menneske framfor system!

Stem Venstre

Giske Venstre vil ha eit sosialt og liberalt kunnskapssamfunn der folk har fridom og muligheit til å skape sin eigen veg til det gode liv, og der vi tek ansvar for kvarandre og miljøet.

Venstre tek utgangspunkt i enkeltmennesket! Vi ønskjer eit mangfaldig samfunn der forhold mellom menneske byggjer på toleranse og respekt, uansett sosial status, nasjonalitet eller

legning. Fridom og ansvar skal gjelde for alle. Venstre vil ha eit levande folkestyre med fokus på * Skule * Miljø * Næring og * Sosialt ansvar.

1. Anne-Lise Roald



Anne-Lise er 33år, frå Vigra. Ho er utdanna siviløkonom og er vår ordførarkandidat. Arbeider med økonomistyring og bedrifts-rådgjeving.

- Eg er stolt av å kome frå ei flott øy-kommune med mange levande bygder. For at ungdomen skal komme tilbake etter utdanning, treng vi ei framtidretta

næringsutvikling i lag med resten av regionen. Vi har eit stort potensiale innen reiseliv og kulturbasert næring som saman med eksisterande næring kan skape mange nye, spennande arbeidsplassar. Å vere ordførar handlar om å vere lagleder og å sikre opne, demokratiske prosessar i eit levande folkestyre. Vi ønskjer det beste for kommunen, og då lyt ein ha eit godt samarbeid mellom innbyggjarar, politikarar og administrasjon.

2. Runa Godø Sæther



Runa er 36år og busett på Valderøya. Ho driv firmaet «Vokalisten» og arbeider som organist, songpedagog og kurshaldar.

- Det gode liv handlar om meir enn jobb og bolig! Vi treng eit variert kulturtilbod, som kan inspirere oss og fremme kreativitet. Vi har fleire lokale møteplassar, men treng og ein større felles kulturarena i kommuna.

Eg ønskjer ein skule der alle elevar får muligheit til å utnytte si skaparkraft og der skulen har ressursar til å møte den ein-skilde elev sine behov. Både private og kommunale barnehagar må ha fokus på kompetanse og fagleg innhald. Trafikktryggingstiltak, særleg langs skuleveggar er viktig, og gang og sykkelveggar må byggjast ut vidare.

3. Ove Paulsen



Ove er 61år, frå Godøya. Han er utdanna maskingeniør og maskinist. Arbeider dagleg som havaritakstmann og driv eige maskinverksted i Ålesund.

- Framtidens arbeidsplassar er enno ikkje skapte, og derfor må vi ha ein politikk som fremmer nyskaping.

Eksisterande arbeidsplassar og dei naturgitte fortrinn kommuna har innan fiskeri og landbruk, må ivaretakast. Vi må legge til rette for gode bu og oppvekstmiljø med opne fellesareal og uhindra bruk av strandsona. Vi må ha kommunale byggjefelt i tillegg til dei private for å kunne styre busetninga og gje eit variert tilbod. Vi må fortsette å stimulere frivilligheit og dugnadsinnsats og legge forholda til rette for eit aktivt friluftsliv.

4. Marit Vik



Marit er 48år, frå Valderøya. Ho er utdanna sjukepleiar. Arbeider i eit gravferdsbyrå.

- Vi som bur i ei av dei finaste kommunene i landet, har særleg ansvar for å ta vare på kulturlandskapet og det levande moderne samfunnet. Vi må ta vare på den allmenne retten til å ferdast fritt i fjell og fjøre. Vi må satse på å bygge ut gang og sykkelveggar og

betre kollektivtilbodet ved å etablere ein lokal «Timeekspres» med buss i kommuna. Eg ønskjer å styrke førebyggjande helseteneste for ungdommen og få på plass ein miljøarbeidar i skulen. Ettervernet for tidlegare rusavhengige må òg styrkast. Lokalsamfunnet må jobbe ilag med ungdommen for å bidra til robuste og trygge ungdomsmiljø (MOT).

5. Ole Furnes



Ole er 54år, frå Godøya og driv eige entreprenørfirma.

- Velferdssamfunnet blir målt etter korleis vi tek vare på dei svakaste. Det er ikkje viktigast å gi meir til alle, men å hjelpe enkeltmenneske som treng det. Vi må halde oppe eit mangfaldig omsorgstibod med eit heimebasert tilbod

slik at folk kan bo heime så lenge som muleg. Dette avlastar institusjonane og gir meir ressursar til dei som treng det mest. Vi må gje gode rammevilkår til eit miljøvennleg landbruk som i tillegg til å gje oss rein mat også bidreg til å ta vare på det flotte kulturlandskapet vårt. Eg ynskjer ein ny, og framtidretta veg over Gjøsummyrane til flyplassen.

6. Britt Giske Andersen



Britt er 44år, frå Giske. Ho er avdelingsleiar i Destinasjon Ålesund & Sunnmøre.

- Menneske er viktigare enn systema, og dei som treng det skal oppleve trygghet, hjelp og respekt. Vi må ha nok kommunale tomter og samtidig passe på å bevare friområda. Kommuna skal først og fremst vere ein god plass å bu i, også for dei som

kjem etter oss. Kultur skal fortsatt vere eit satsingsområde. Vi vil støtte opp om frivillig arbeid og initiativ, det er med på å halde nærmiljøa våre levande.

Som fylkeskandidat vil eg spesielt arbeide for eit betre kollektivtilbod og vegnett. Eg set fisk framfor olje og vil gå imot oljeboring på Mørefelta.